

Innholdsliste

| | |
|---|-----------|
| Skjema for obligatorisk eigenerklæring | 3 |
| Slik fyller de ut skjemaet..... | 3 |
| Kva skjer viss planane ikkje oppfyller krava? | 4 |
| Kan Arbeidstilsynet gjere unntak i spesielle tilfelle? | 4 |
| Send skjemaet og dokumentasjonen til Arbeidstilsynet | 4 |
| Søk digitalt utan saksbehandlingstid | 4 |
| Informasjon om tiltaket og søkaren | 5 |
| Kapittel 1 – Førebygging av ulykker | 6 |
| 1.1. Er arbeidstakarane sikra mot fall i tråd med krava?..... | 6 |
| 1.2. Er tiltaket tilrettelagt for sikkerheit ved reinhald, vedlikehald, montering og liknande i tråd med krava? | 7 |
| 1.3. Er arbeidslokala plassert, innreidd og utforma for å redusere fare for vald og truslar om vald i tråd med krava? | 8 |
| 1.4. Er det planlagt med rømmingsvegar og nødutgangar i tråd med krava?..... | 9 |
| 1.5. Er det planlagt med løfteinnretningar i tråd med krava?..... | 10 |
| Kapittel 2 – Tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne | 11 |
| 2.1. Er det planlagt med handikoptolett i tråd med krava? | 11 |
| 2.2. Er arbeidslokala planlagt med trinnfri tilkomst og heis eller løfteplattform i tråd med krava? | 13 |
| Kapittel 3 – Inneklima, ventilasjon og forureining i arbeidsatmosfæren | 14 |
| 3.1. Er det planlagt med løysingar for klima, ventilasjon og luftkvalitet osv. i tråd med krava? | 14 |
| 3.2. Er forureining i arbeidsatmosfæren varetatt i tråd med krava? | 15 |
| Kapittel 4 – Førebygging av sjukdom og skade pga. stråling og biologisk og kjemisk helsefare | 17 |
| 4.1. Er risiko for helsefarleg stråling varetatt i tråd med krava? | 17 |
| 4.2. Er risiko for biologisk helsefare varetatt i tråd med krava? | 19 |
| 4.3. Er risiko for kjemisk helsefare varetatt i tråd med krava? | 21 |
| 4.4. Er det planlagt med løysingar for reint og ureint område i tråd med krava?..... | 23 |
| Kapittel 5 – Beskyttelse mot støy | 25 |
| 5.1. Er risiko for støy redusert i tråd med krava? | 25 |
| Kapittel 6 – Førebygging av ergonomisk helsefare | 26 |
| 6.1. Er risiko for ergonomisk helsefare redusert i tråd med krava? | 26 |
| Kapittel 7 – Utforming og innreiing av arbeidsplassar og arbeidslokale | 27 |
| 7.1. Er arealet som er avsett per arbeidsplass, i tråd med krava? | 27 |
| 7.2. Er romhøgda planlagt i tråd med krava? | 28 |
| Kapittel 8 – Tilkomst, transportvegar og varemottak | 29 |

| | | |
|---|---|-----------|
| 8.1. | Er ferdsel og tilkomst planlagt i tråd med krava?..... | 29 |
| 8.2. | Er lasteramper og vareleveringa planlagt i tråd med krava? | 30 |
| Kapittel 9 – Utandørs arbeid og lagring | | 31 |
| 9.1. | Er utandørs arbeids- og lagringsplassar planlagt i tråd med krava?..... | 31 |
| Kapittel 10 – Lys og synsforhold | | 32 |
| 10.1. | Er dei enkelte arbeidsplassane og personalromma planlagt med tilgang til dagslys og utsyn i tråd med krava? | 32 |
| 10.2. | Er alle arbeidsplassar og ferdselsveggar planlagt med lys og synsforhold i tråd med krava?..... | 33 |
| Kapittel 11 – Personalrom | | 34 |
| 11.1. | Er det planlagt med garderobar som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 34 |
| 11.2. | Er det planlagt med dusjrom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 36 |
| 11.3. | Er det planlagt med toalett som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 38 |
| 11.4. | Er det planlagt med rom for reinhaldsutstyr som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 39 |
| 11.5. | Er det planlagt med matrom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 40 |
| 11.6. | Er det planlagt med pauserom som er innreidd og utforma i tråd med krava?..... | 42 |
| 11.7. | Er det planlagt med soverom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 43 |
| 11.8. | Er det planlagt med tørkerom eller liknande som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava? | 44 |
| Kapittel 12 – Krav som gjeld for helseinstitusjonar (sjukehus, sjukeheim, omsorgsbustader og andre pleie- og rehabiliteringsinstitusjonar) | | 45 |
| 12.1. | Er det planlagt med pasientrom som har fri plass rundt seng osv. i tråd med krava?..... | 45 |
| 12.2. | Er det planlagt med baderom i tilknytning til bebuar- eller pasientrom i helseinstitusjonar i tråd med krava? | 46 |
| 12.3. | Er det planlagt med tilgjenge i tråd med krava? | 47 |

Skjema for obligatorisk eigenerklæring

Som tiltakshavar skal de gi ei eigenerklæring. Eventuelt kan eigenerklæringa givast av nokon som handlar på vegner av tiltakshavar, for eksempel ansvarleg søkar. I eigenerklæringa skal de erklære at/om de planlegg med bygnings- og utstyrmessige løysingar som er i samsvar med dei preaksepterte løysingane frå Arbeidstilsynet.

Dei preaksepterte løysingane i dette eigenerklæringsskjemaet bygger på krav i regelverket og beskriv ein standard som er så god at krava i regelverket utan tvil er oppfylte. Vi tilrår at de planlegg i samsvar med desse preaksepterte løysingane. Da blir saksbehandlingstida kortare, og de sikrar at Arbeidstilsynet kan gi samtykke til planane.

Merk at søknader på dette skjemaet alltid får saksbehandlingstid, også når det berre er planlagt i samsvar med preaksepterte løysingar.

For å unngå saksbehandlingstid må de søke digitalt og planlegge i samsvar med dei preaksepterte løysingane. [Sjå Byggesak – søk om Arbeidstilsynets samtykke.](#)

Slik fyller de ut skjemaet

Svar «ja» på spørsmål der planane oppfyller krava i preaksepterte løysingar.

- Sørg for vedlegg som dokumenterer – gjennom forklaringar og teikningar – at krava er oppfylt.
- Nummerer alle vedlegga.
- Angi rett vedleggsnummer i skjemaet, og legg ved dokumentasjonen når de sender inn eigenerklæringa.

Svar «nei» på spørsmål

- viss planane ikkje oppfyller dei preaksepterte løysingane, eller viss de er usikre
- viss de søker på rammestadiet utan at tiltaket er detaljprosjekttert. Da betyr eit «nei» at planane ikkje oppfyller krava i preaksepterte løysingar, eller at de ikkje kan dokumentere at planane oppfyller desse krava på søknadstidspunktet. I slike tilfelle vil vi vurdere saka og ta stilling til om vi kan gi samtykke med vilkår om at de sender oss oppdaterte planar.

Svar «uaktuelt» på spørsmål

- viss krava ikkje er eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket, for eksempel fordi det søknadspliktige tiltaket berre gjeld delar av eit bygg
- viss krava ikkje er relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket
- viss krava til personalrom og -funksjonar allereie er varetatt i eksisterande bygningsmasse

Når krava til personalrom og -funksjonar er varetatt i eksisterande bygningsmasse, må de angi i kva vedlegg de har dokumentert (gjennom forklaringar og teikningar) at krava er varetatt.

Kva skjer viss planane ikkje oppfyller krava?

Viss planane ikkje oppfyller krava i dei preaksepterte løysingane, blir saka vurdert av ein saksbehandlar hos oss. Avhengig av vurderinga vil de få brev frå oss med

- anten informasjon om kva opplysningar som manglar, og ein frist for å sende oss desse opplysningane
- eller vedtak om avslag

Kan Arbeidstilsynet gjere unntak i spesielle tilfelle?

I enkelte tilfelle kan Arbeidstilsynet gi samtykke sjølv om tiltakshavaren har svart «nei». Dette føreset at

- de i vedlegg har gjort greie for og dokumentert godt nok at det konkrete tiltaket kan ha avvikande løysingar
- løysingane ligg innanfor ramma av det Arbeidstilsynet har heimel i lov og forskrift til å gi samtykke til

Angi i kva vedlegg de grunngir kvifor de meiner at samtykke likevel kan givast.

Send skjemaet og dokumentasjonen til Arbeidstilsynet

- Legg eigenerklæringa ved som vedlegg til skjema 5177 når de søker om samtykke frå Arbeidstilsynet. Sørg for at all dokumentasjonen som bekreftar preaksepterte løysingar, følger med.
- Legg ved eventuelle forklaringar som grunngir kvifor avvikande løysingar bør bli akseptert.
- Send alt til Arbeidstilsynet via eDialog: [Send og motta post](#)
- Oppgi referansenummeret til Arbeidstilsynet dersom de allereie har mottatt brev i saka.

Søk digitalt utan saksbehandlingstid

Dei digitale søkeløysingane for byggesak inkluderer eigenerklæring. Desse søkeløysingane gjer det lettare for tiltakshavar å planlegge arbeidsbygg og sende fullstendig søknad til Arbeidstilsynet.

Dersom tiltakshavaren sender ein komplett søknad og berre har planlagt med bygnings- og utstyrmessige løysingar som er i samsvar med dei preaksepterte løysingane frå Arbeidstilsynet, vil vi gi samtykke utan ventetid.

[Byggesak – søk om Arbeidstilsynets samtykke](#)

Informasjon om tiltaket og søkeren

Tiltakshavar:

Adressa til tiltaket:

Postnummer:

Poststad:

Gnr.:

Bnr.:

Skal tiltaket brukast av andre enn tiltakshavar, f.eks. verksemder som skal leige lokala? Svar ja eller nei:

Ja Nei

Det totale talet på tilsette som skal bruke tiltaket/lokala:

Dersom de veit at fleire verksemder skal bruke tiltaket/lokala, må de (viss det er avklart) oppgi under eller legge ved ein oversikt over

- kva for verksemder som skal bruke tiltaket
- det totale talet på tilsette som skal bruke tiltaket, per verksemd

Eigenerklæringa er utfylt av (tittel/funksjon og namn):

Telefonnummer:

E-postadresse:

Dato:

Kapittel 1 – Førebygging av ulykker

1.1. Er arbeidstakarane sikra mot fall i tråd med krava?

Krav:

Gangbanar, trapper, plattformer og arbeidsplassar som er plassert i høgda, må vere sikra mot fall:

- Når høgda frå underlaget er meir enn 0,5 meter, skal det alltid vere rekkverk eller andre vernetiltak.
- Rekkverket må vere minst 1 meter høgt.
- Opningane på rekkverket må forhindre at arbeidstakarar kan falle gjennom.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

1.2. Er tiltaket tilrettelagt for sikkerheit ved reinhald, vedlikehald, montering og liknande i tråd med krava?

Krav:

Bygget skal ha løysingar som bidrar til at utvendig og innvendig arbeid med montering, justering, kontroll, reinhald, vedlikehald og ettersyn av bygningen eller tekniske installasjonar kan gjennomførast farefritt:

- Tekniske innretningar/installasjonar som ikkje kan få ettersyn og vedlikehald frå golvet eller frå tilkomst til sjølve innretninga, skal ha montert trapp, leider eller liknande.
- Ventilasjonsanlegg på tak, mesanin, loft eller liknande skal ha tilkomst via trapp.
- Bygningsdelar, takvindaug eller konstruksjonar som er for svake til å trø på, og der det er fare for fall, skal vere merkt og sikra med avsperring, gangbanar eller andre sikringstiltak.

For arbeid på tak:

- Tilkomst til tak skal helst vere gjennom dør eller luke.
- Der gesimshøgda er meir enn 5 m, skal det vere montert stigefeste. Da kan ein laus stige bli brukt dersom det likevel blir nødvendig å bruke stige som tilkomst.
- Der sikkerheitstau er nødvendig for å sikre arbeidstakarane under arbeidet, skal det vere montert festepunkt for sikkerheitstau.

For arbeid på fasadar:

- Bygget skal vere lagt til rette slik at kollektive sikringstiltak som stillas, hengestillas, lift eller liknande kan bli brukt som tilkomst og for å utføre arbeid.
- Bygget skal vere lagt til rette slik at ein ikkje treng å bruke tau som tilkomst eller for å utføre arbeid.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i det søknadspliktige tiltaket

1.3. Er arbeidslokala plassert, innreidd og utforma for å redusere fare for vald og truslar om vald i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakarar kan utsettast for vald eller truslar om vald skal bygnings- og utstyrmessige løysingar redusere risikoen:

- Nødvendige sikringstiltak skal inngå i bygget, slik som fysisk tilgangsgrensing, slusar, låsemoglegheit, rømmingsvegar, opningsretning på dører, oversikt, plassering av rom og funksjonar slik at ein har nærleik til kollegaer, alarmer, kameraovervaking o.l. (sjå Datatilsynet sin rettleiar *Kameraovervåkning – hva er lov?*)
- Kva bygnings- og utstyrmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av faren for vald og truslar om vald i verksemda/-ene, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 23 A-1. Slik kartlegging og risikovurdering skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

1.4. Er det planlagt med rømmingsvegar og nødutgangar i tråd med krava?

Krav:

Arbeidstakarane må på ein rask og sikker måte kunne evakuerast frå alle arbeidsplassar og personalrom ved fare:

- Rømmingsvegar og nødutgangar må vere tilpassa bruken til arbeidsplassen, utstyr og dimensjonar, og vere avpassa det høgaste talet personar som kan vere til stades.
- Rømmingsvegar og nødutgangar må til kvar tid vere opne for fri ferdsel og lett kunne opnast innanfrå utan hjelpemiddel.
- Dører som er plassert i rømmingsvegen, skal opne i rømmingsretninga.
- Dører, opningar o.l. som er rømmingsvegar, må vere godt merkt.
- Rømmingsvegar og nødutgangar må vere utstyrt med nødllys.
- Rømmingsvegar og nødutgangar må så direkte som mogleg føre ut i det fri eller til eit sikkerheitsområde eller rom som er lagt til rette for å beskytte mot farar.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

1.5. Er det planlagt med løfteinnretningar i tråd med krava?

Krav:

Løfteinnretningar må vere plassert og stilt opp slik at bruk og vedlikehald ikkje fører til fare for sikkerheit og helse:

- Arbeidstakarane skal skjermast frå område med klemfare eller område med risiko for å bli treft av fallande gjenstandar.
- Fundament og festeordningar må vere stabile og tilstrekkeleg dimensjonert.
- Løfteinnretningar skal monterast i samsvar med krava til produsenten.

Eksempel på løfteinnretningar er kraner, traverskraner, taljer, heisar, løftebord, billøftarar og løfteanordningar som inngår som ein del av ein produksjonsprosess.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 2 – Tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne

2.1. Er det planlagt med handikaptalett i tråd med krava?

Krav:

Arbeidslokale skal ha handikaptalett.

Handikaptalett må vere hensiktsmessig plassert:

- Det må vere mindre enn 50 meter éin veg frå arbeidsstaden til handikaptalett.
- I fleireetasjes bygg må det vere handikaptalett i kvar etasje der det er faste arbeidsplassar.
- Handikaptalett må vere plassert slik at det ikkje er i direkte forbindelse med arbeidsrom, matrom eller pauserom.

Handikaptalett må vere tilstrekkeleg dimensjonert, innreidd og reservert for arbeidstakarane:

- Handikaptalett må vere dobbeltsidig, slik at det
 - anten har tilgang og plass til rullestol på begge sider av toalettet og snusirkel
 - eller det må vere to handikaptalett: eitt høgresidig og eitt venstresidig, begge med snusirkel og tilgang til rullestol
- Handikaptalett må ha tilrettelagt handvask med varmt og kaldt vatn.
- Handikaptalett må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel dusjrom.
- Handikaptalett må vere reservert for arbeidstakarane og skal ikkje delast med kundar, pasientar, elevar osv.

Krav til handikaptalett gjeld sjølv om verksemda ikkje har arbeidstakarar med behov for handikaptalett på søknadstidspunktet.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til handikaptalett er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

2.2. Er arbeidslokala planlagt med trinnfri tilkomst og heis eller løfteplattform i tråd med krava?

Krav:

- Det skal vere trinnfri tilkomst til alle delar av arbeidslokalet der det er naturleg at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne skal ha tilgang. Dette gjeld f.eks. kontor, møterom, kopirom, spiserom, pauserom, garderobar, toalett, gangareal og arbeidsrom.
- Arbeidslokale over fleire etasjar eller plan må vere tilrettelagt med heisfunksjon mellom etasjar/plan, det vil seie ei løysing som
 - anten har heisstol med størrelse i samsvar med krav i TEK (byggteknisk forskrift)
 - eller har løfteplattform med størrelse i samsvar med krav i TEK, der forskrifta opnar for denne løysinga

Trappeheis med plattform og trappeheis med stol oppfyller ikkje krava.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til trinnfri tilkomst og heis eller løfteplattform er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse. Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Kapittel 3 – Inneklima, ventilasjon og forureining i arbeidsatmosfæren

3.1. Er det planlagt med løysingar for klima, ventilasjon og luftkvalitet osv. i tråd med krava?

Krav:

Arbeidslokala skal vere utforma og innreidd slik at dei enkelte arbeidsplassane og personalromma får tilfredsstillande klima når det gjeld temperatur, fukt, trekk, luftkvalitet og sjenerande lukt:

- Det skal etablerast mekanisk balansert ventilasjon.
- Ventilasjonsløysinga skal vere i samsvar med rettleiing frå Arbeidstilsynet om ventilasjon og inneklima. Du finn rettleiing på arbeidstilsynet.no:
 - [Krav til ventilasjon](#)
 - [Ventilasjon på arbeidsplassen](#)
 - [Ventilasjon ved forureiningar og bruk av kjemikaliar på arbeidsplassen](#)
- Solskjerming skal etablerast der det er nødvendig, helst utvendig.
- Temperaturstyringa skal vere tilpassa aktivitetane for verksemda.

Dokumenter planane for ventilasjon i [Skjema for å dokumentere planane for ventilasjon og luftkvalitet](#). Skjemaet skal vere utfylt av eit kompetent føretak.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

3.2. Er forureining i arbeidsatmosfæren varetatt i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakarar kan utsetjast for forureining i arbeidsatmosfæren, skal arbeidslokala vere utforma og innreidd slik at dei enkelte arbeidsplassane og personalromma får beskyttelse mot giftige eller helsefarlege stoff:

- Det skal vere både mekanisk balansert ventilasjon og prosesstilpassa avsug der arbeidet eller prosessar kan føre til forureining av lufta.
 - Krav til mekanisk balansert ventilasjon:
 - Ventilasjonsløysinga skal redusere eksponeringa for forureining i heile opphaldssona og hindre at forureininga blir spreidd til andre lokale.
 - Feil ved ventilasjonsløysinga skal varslast automatisk.
 - Krav til prosesstilpassa avsug:
 - Prosesstilpassa avsug skal fjerne forureining ved kjelda slik at eksponering og behov for andedragvern blir redusert mest mogleg.
 - Stasjonære prosessavsug skal ha utblåsing til friluft.
 - Feil ved prosessavsug skal varslast automatisk.

- Om resirkulering av luft:
 - Det skal ikkje resirkulerast luft som inneheld kreftframkallande eller mutagene kjemikaliar.
 - Det skal ikkje resirkulerast luft frå lokale der det blir utført varmt arbeid.

- Om arbeid med cytostatikum:
 - I rom der det blir arbeidd med cytostatikum, skal det vere arbeidsbenkar med avtrekksskap.
 - Avtrekksskapet skal ha gjennomsiktig avskjerming.
 - Ventilasjonen i slike rom skal vere åtskild frå den andre ventilasjonen, og avtrekkslufta skal først direkte ut i friluft, eventuelt etter nødvendig reinsing.

- Ventilasjonsløysingane skal vere i samsvar med rettleiingane «Inneklima og luftkvalitet på arbeidsplassen» og «Ventilasjon på arbeidsplassen» frå Arbeidstilsynet.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

Kapittel 4 – Førebygging av sjukdom og skade pga. stråling og biologisk og kjemisk helsefare

4.1. Er risiko for helsefarleg stråling varetatt i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakar kan utsettast for helsefarleg stråling, skal risikoen reduserast gjennom bygnings- og utstyrmessige løysingar:

- Arbeidslokale og arbeidsplassar skal vere utforma og innreidd slik at kvar enkelt arbeidsplass får tilfredsstillande beskyttelse mot stråling.
- Kva bygnings- og utstyrmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av helsefare ved stråling i verksemda/-ene, jf. forskrift om utførelse av arbeid §§ 16-1 og 16A-1. Kartlegging og risikovurdering skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.
- Tiltaks- og grenseverdiane i forskrift om tiltaks- og grenseverdier §§ 4-1, 4-2 og 4-3 og vedlegg 3–6 skal haldast.

Aktuelle tiltak for å førebygge eksponering for helsefarleg stråling er

- å bygge inn eller skjerme av strålekjelder
- å ha tilstrekkeleg ventilasjon
- å ha nødvendig fareskilting
- å avgrense tilgangen til lokala slik at uvedkommande arbeidstakarar ikkje kjem inn i faresonene

Radon i luft:

- I bygningar med rom for varig opphald skal årsmiddelverdien for radonkonsentrasjon ikkje overstige 200 Bequerel/m³.
- For å avgrense innstrøyminga av radonhaldig luft frå byggegrunnen vil dei førebyggande tiltaka som oftast vere av bygningsteknisk art. Eksempel på eigna bygningstekniske tiltak er bruk av tettesjikt (radonsperre) mot grunnen, ventilering av byggegrunnen og ventilasjonstekniske tiltak (balansert ventilasjon).

Arbeid med cytostatikum:

- I rom der det blir arbeidd med cytostatikum, skal det vere arbeidsbenkar med avtrekksskap.
- Avtrekksskapet skal ha gjennomiktig avskjerming.
- Ventilasjonen i slike rom skal vere åtskild frå den andre ventilasjonen, og avtrekkslufta skal førast direkte ut i friluft etter nødvendig reinsing.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

4.2. Er risiko for biologisk helsefare varetatt i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakar kan utsettast for biologisk helsefare, skal risikoen reduserast gjennom bygnings- og utstyrsmessige løysingar:

- Arbeidslokale og arbeidsplassar skal vere utforma og innreidd slik at eksponeringa blir redusert til eit lågast mogleg nivå, og at talet på arbeidstakarar som kan bli eksponerte, blir lågast mogleg.
- Kva bygnings- og utstyrsmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av faren for å bli utsett for biologiske faktorar i verksemda/-ene, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 6-1. Kartlegging og risikovurdering skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.
- Oversikta over smitterisikogrupper i forskrift om tiltaks- og grenseverdier § 6-1 og vedlegg 2 skal brukast som grunnlag for å planlegge bygnings- og utstyrsmessige inneslutningstiltak som bidrar til å redusere eksponeringa for biologiske faktorar.

Krav til inneslutningstiltak i avløpsanlegg:

- Planane for inneslutningstiltak i avløpsanlegg skal vere i samsvar med krava i arbeidsplassforskriften § 8-3.
- Innandørs basseng med lufttilførsel og andre prosessar som kan gi forureiningar til arbeidsatmosfæren, skal vere dekte til eller bygde inn. Ein kan redusere forureininga av arbeidsatmosfæren ved å dekke til eller bygge inn prosessen, kombinert med punktavsug.
- Ved materialval må ein ta omsyn til om miljøet gir fare for korrosjon.
- På mindre avløpsanlegg utan bemanning, der arbeidstakarar vanlegvis oppheld seg i korte periodar for tilsyn og vedlikehald, må det vere handvask med varmt og kaldt vatn.

Krav til inneslutningstiltak i laboratorium og isolasjonseiningar:

- Planane for inneslutningstiltak i laboratorium og isolasjonseiningar skal vere i samsvar med krava i arbeidsplassforskriften § 8-4, det vil seie
 - når arbeidstakarane kan bli eksponerte for biologiske faktorar i smitterisikogruppe 2, 3 eller 4
 - når det blir handtert forsøksdyr som er eller kan vere smitta med biologiske faktorar i smitterisikogruppe 2, 3 eller 4
- Ein må planlegge kvar sentrale funksjonar som vaktrom, utstyrsrom, skyljerom o.a. skal plasserast, for å kunne isolere einingar om det bryt ut smitte og for å redusere talet på tilsette som kan bli eksponerte.

Krav til inneslutningstiltak i industriell verksemd:

- Ved industrielle prosessar der ein bruker biologiske faktorar i smitterisikogruppe 2, 3 og 4 skal planane for inneslutningstiltak vere i samsvar med krava i arbeidsplassforskriften § 8-5.

- Ein må planlegge kvar sentrale funksjonar som vaktrom og liknande skal plasserast, for å kunne isolere einingar om det bryt ut smitte og for å redusere talet på tilsette som kan bli eksponerte.

Toalett og vaskemoglegheiter:

- Vaske- og toalettmoglegheiter skal vere tilgjengeleg for arbeidstakarar som blir utsette for biologiske faktorar.
- Desinfeksjonsmiddel skal vere tilgjengeleg.
- Vasskraner skal løysast ut av fotocelle eller med foten eller olbogen.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

4.3. Er risiko for kjemisk helsefare varetatt i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakarane kan utsetjast for helsefarlege kjemikaliar og forureining i arbeidsatmosfæren, skal risikoen reduserast gjennom bygnings- og utstyrmessige løysingar:

- Arbeidslokale og arbeidsplassar skal vere utforma og innreidd slik at arbeidstakarane blir beskytta mot ulykker, helseskadar og særleg ubehag ved kjemikaliehandtering.
- Kva bygnings- og utstyrmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av helsefare ved bruk og handtering av kjemikaliar i verksemda/-ene, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 3-1. Kartlegging og risikovurdering skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.

Aktuelle tiltak for å redusere risikoen for å bli utsett for kjemisk helsefare er

- inneslutting av kjemiske prosessar så langt det er mogleg, slik at arbeidstakarar ikkje blir utsette for helsefarlege kjemikaliar
- prosesstilpassa ventilasjon
- skjerma arbeidsplassar, arbeidsutstyr og prosessar der helsefarlege kjemikaliar blir brukt, slik at arbeidstakarar i omgivnadene er beskytta

Krav til dusj og skyljemoglegheiter:

- På utsette arbeidsplassar må det vere nøddusjar med temperert vatn i umiddelbar nærleik, som blir løyste ut automatisk når ein stiller seg under dei.
- Det må vere fastmonterte ausedusjar med temperert vatn i nærleiken av område der det blir brukt etsande kjemikaliar.

Krav til oppbevaring av kjemikaliar:

- Det må vere eigna rom for oppbevaring av kjemikaliar og kjemikalieavfall, dimensjonert for den mengda kjemikaliar som verksemda har bruk for til kvar tid.
- Romma skal ha eigen ventilasjon / eiga utlufting dersom det er fare for at kjemikaliane kan komme ut i arbeidsatmosfæren.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

4.4. Er det planlagt med løysingar for reint og ureint område i tråd med krava?

Krav:

For å redusere risikoen for helsefare må tiltaket planleggast med bygnings- og utstyrsmessige løysingar som fysisk skil mellom reint og ureint område ved arbeid

- der arbeidstakar kan utsettast for stoff som er helsefarlege
- der arbeidstakar kan utsettast for stoff som er kreftframkallande eller mutagene
- som kan medføre smittefare utover det som er normalt i samfunnet

Krav til skilje mellom reine og ureine område:

- Det reine området og det ureine området skal vere fysisk åtskilde frå kvarandre. Det skal vere ein eigen inngang til kvart av områda, og det skal ikkje vere direkte tilgang mellom dei.
- Ureint og reint område skal vere skilt med dusjrom imellom.
- Frå ureine garderober skal det vere direkte tilgang til dusjrom. Dusjrommet skal ha direkte tilgang til reine garderober.
- Garderober og dusjrom må dimensjonerast ut frå dagens og framtidige behov.

I ureint område skal det vere

- kjønnsdelte garderober, som skal brukast til å ta av brukt eller tilsølt arbeidstøy og legge det til vask
- eventuelt vaskerom for grovreingjering og oppbevaring av skite arbeidstøy som må ligge i tilknytning til urein garderobe
- kjønnsdelte toalett
- plass til mottak av ureint arbeidstøy, arbeids- og verneutstyr
- rom for reinhald av ureint arbeidsutstyr og verneutstyr, for eksempel ein vaskehall

I reint område skal det vere

- kjønnsdelte garderober
- kjønnsdelte toalett
- matrom
- rom for oppbevaring av reint arbeidstøy og reingjort arbeids- og verneutstyr, for eksempel ein vognhall
- andre arbeidsrom

Særlege krav til isolat:

- Ein må planlegge med isolat dersom risikovurderinga viser at det kan skje smitte med biologiske faktorar i smitterisikogruppe 3 eller 4, jf. vedlegg 2 til forskrift om tiltaks- og grenseverdier.
- Ein må planlegge kvar sentrale funksjonar som vaktrom, utstyrsrom, skyljerom og liknande skal plasserast, for å kunne isolere einingar om det bryt ut smitte og for å redusere talet på tilsette som kan bli eksponerte.
- Isolat skal ha ei sluse / eit forrom som må ha god plass til å ta på reint personleg smittevernutstyr og ta av forureina smittevernutstyr. Dette må kunne gå føre seg utan fare for krysskontaminasjon mellom reint og ureint arbeidstøy og -utstyr. Det må vere plass til brukt smittevernutstyr og anna infisert utstyr og brukte tekstilar i eigne containerar/bøtter.
- Isolat skal
 - ha eigen ventilasjonskanal med filter på utluft, og det er anbefalt at rommet har 16 til 25 Pascal lågare trykk enn romma og korridoren ikring (undertrykk)
 - ha tette rør- og kanalgjennomføringar i skiljekonstruksjonar og tettingslister rundt dører
 - ha moglegheit til å regulere lufttilførsel og avtrekk
 - ha vindauge som ikkje skal kunne opnast der sikkerheita er avhengig av eit gitt trykkforhold

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

Kapittel 5 – Beskyttelse mot støy

5.1. Er risiko for støy redusert i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakarane kan bli utsette for støy, skal risikoen bli redusert gjennom bygnings- og utstyrmessige løysingar:

- Arbeidslokale og arbeidsplassar skal vere utforma og innreidd slik at arbeidstakarane er beskytta mot støy.
- Kva bygnings- og utstyrmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av i kva utstrekning arbeidstakarane blir utsette for støy, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 14-1. Kartlegginga og risikovurderinga skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.
- Tiltaks- og grenseverdiar for støyeksposering i forskrift om tiltaks- og grenseverdiar kapittel 2 må vere vurdert og varetatt.
- I mat- og kvilerom skal støypåverknaden vere redusert til eit minimum.

Aktuelle tiltak for å redusere støy er å

- fjerne eller isolere lydkjelda dersom det er mogleg
- bygge inn støykjelda
- legge lydfuge i betonggolv (for eksempel mellom verkstad/produksjonslokale og tilstøytande kontorlokale)
- bruke lyddemparar
- bruke festeordningar for arbeidsutstyr som ikkje skaper unødig støy
- redusere viftefart
- installere lydabsorbentar som reduserer ekkoverknad frå veggjar, tak og golv

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 6 – Førebygging av ergonomisk helsefare

6.1. Er risiko for ergonomisk helsefare redusert i tråd med krava?

Krav:

Ved arbeid der arbeidstakarane kan bli utsette for fare eller uheldige fysiske belastningar på grunn av tunge løft, uheldige arbeidsstillingar og liknande, skal risikoen bli redusert gjennom bygnings- og utstyrmessige løysingar:

- Tilkomsten til lokale, interne transportveggar, gangar, arbeidsrom og liknande må vere dimensjonert og tilrettelagt slik at frakt av varer, utstyr og materiell kan skje utan at arbeidstakarane blir utsett for fare eller uheldige belastningar.
- Golv og dekke må vere jamne og frie for hòl, hellingar og nivåforskjellar, og dei må vere faste og stabile der arbeidstakarane skal bruke transportinnretningar som traller og køyretøy.
- Heis eller løfteplattform må vere tilgjengeleg for frakt mellom ulike etasjar og plan.
- Arbeidslokale og arbeidsplassar skal innrettast slik at arbeidstakarane unngår å løfte, senke eller bere objekt (for eksempel personar, materiale eller gjenstandar) over lengre avstandar.
- Kva romma skal brukast til, må avgjere kvar romma skal bli plassert i forhold til kvarandre.
- Golvarealet per arbeidsplass skal vere stort nok til at arbeidstakarane har plass til gode og varierte arbeidsstillingar og rørsler, og til at arbeidet og bruken av arbeidsutstyr ikkje fører til fare for sikkerheit og helse.
- Kva bygnings- og utstyrmessige løysingar som er nødvendige, skal baserast på ei kartlegging og risikovurdering av faren for uheldige fysiske belastningar på grunn av tunge løft, uheldige arbeidsstillingar og liknande i verksemda/-ene, jf. arbeidsmiljøloven § 3-1(2) bokstav c. Kartlegginga og risikovurderinga skal kunne dokumenterast dersom Arbeidstilsynet ber om det.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunnir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava er ikkje relatert til eit mogleg risikoforhold i tiltaket eller i verksemda/-ene som skal bruke tiltaket

Kapittel 7 – Utforming og innreiing av arbeidsplassar og arbeidslokale

7.1. Er arealet som er avsett per arbeidsplass, i tråd med krava?

Krav:

- Arbeidsplassar skal vere minimum 6 m².
- I arbeidsrom med skråtak skal areal med romhøgde mindre enn 2,2 m ikkje vere med i berekninga av areal per arbeidsplass.
- Tilkomstareal og fellesareal kjem i tillegg. Det vil seie at areal for tilkomst, toalett, matrom, garderobar, møterom, stillerom, kopirom osv. ikkje skal reknast med. I arbeidsrom med inntil åtte arbeidsplassar kan gangarealet inne i rommet likevel vere med i utrekninga.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

7.2. Er romhøgda planlagt i tråd med krava?

Krav:

Netto romhøgde i arbeidsrom og gjennomsnittleg netto romhøgde i arbeidsrom med skråtak må vere minst 2,7 m.

Unntak:

- Netto romhøgde i arbeidsrom som er mindre enn 40 m², og gjennomsnittleg netto romhøgde i arbeidsrom med skråtak som er mindre enn 40 m², kan vere ned til 2,4 m.
- Gjennomsnittleg netto romhøgde i matrom inntil 60 m² kan vere ned til 2,4 m.
- Netto romhøgde i garderobar, vaskerom, dusjrom og toalett kan vere ned til 2,2 m.
- I arbeidsrom med skråtak må romhøgda vere minst 2,2 m der det er pårekneleg at menneske skal stå oppreist.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 8 – Tilkomst, transportveggar og varemottak

8.1. Er ferdsel og tilkomst planlagt i tråd med krava?

Krav:

Det må vere sikker tilkomst frå offentleg område til arbeidslokale og personalrom, mellom personalrom og dei enkelte arbeidsplassane, og mellom arbeidsplassane:

- Arbeidsplassar og ferdselsveggar må vere slik at gåande og køyrande ferdsel kan skje på ein sikker og forsvarleg måte.
- Ferdsels- og tilkomstveggar for køyretøy må ha god sikkerheitsavstand for gåande.
- Ferdselsveggar for køyretøy må vere plassert i god avstand frå dører, portar, ferdselsveggar for gåande, korridorar og trapper.
- Ferdsels- og tilkomstvegane må vere tydeleg merkt.
- Ferdselsveggar for køyretøy må vere merkt med varselfargar.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

8.2. Er lasteramper og vareleveringa planlagt i tråd med krava?

Krav:

Er lasteramper og varelevering planlagt i samsvar med alle relevante krav i [bransjestandarden for varelevering \(luks.no\)](https://www.luks.no/bransjestandarden-for-varelevering)?

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 9 – Utandørs arbeid og lagring

9.1. Er utandørs arbeids- og lagringsplassar planlagt i tråd med krava?

Krav:

Utandørs arbeids- og lagringsplassar må vere innretta slik at arbeidstakarane

- er beskytta mot ugunstige vêrforhold
- er beskytta mot fallande gjenstandar
- ikkje kan gli eller falle
- ikkje blir utsett for skadeleg støy eller skadelege ytre påverknader (for eksempel gass, damp eller støv)

Kaianlegg skal være utstyrte med

- kaifrontlist som er dimensjonert ut frå den planlagde bruken av kaia
- fast stige eller anna innretning som gjer det mogleg å komme opp av vatnet utan hjelp frå andre
- fortøyingsfeste som sikrar at fartøy kan fortøyast på ein forsvarleg måte, og som er så solide at dei med sikkerheit vil tole dei belastningane dei kan bli utsette for

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 10 – Lys og synsforhold

10.1. Er dei enkelte arbeidsplassane og personalromma planlagt med tilgang til dagslys og utsyn i tråd med krava?

Krav:

- Alle arbeidsplassar skal ha dagslys og utsyn. Dette gjeld
 - arbeidsplassar der arbeidstakarane skal opphalde seg meir enn éin time samanhengande
 - arbeidsplassar der arbeidstakarane skal opphalde seg i kortare periodar, men samanlagt meir enn to timar i løpet av arbeidsdagen
- Dersom arbeidsplassar er planlagt utan dagslys og utsyn på grunn av kort opphaldstid som nemnt over, må andre arbeidsplassar der arbeidstakarane skal opphalde seg resten av arbeidsdagen, ha dagslys og utsyn.
- Dagslysfaktor må vere varetatt i tråd med krava i gjeldande TEK (Byggteknisk forskrift).
- Utsyn må vere varetatt i tråd med krava i gjeldande TEK.
- Matrom skal ha dagslys og utsyn i samsvar med krava i gjeldande TEK.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

10.2. Er alle arbeidsplassar og ferdselsvegar planlagt med lys og synsforhold i tråd med krava?

Krav:

Alle arbeidsplassar og ferdselsvegar skal ha tilfredsstillande lyssetting:

- Arbeidsplassen skal ha rette lyskjelder. Lyskjeldene skal vere rett plassert, og arbeidsplassane skal vere rett plassert i forhold til vindaugsflater og andre lyse flater.
- Lysinstallasjonar skal plasserast slik at dei ikkje fører til ulykkesrisiko for arbeidstakarane.

Lys og synsforhold skal vere i samsvar med krava til løysingar (ytingar) i [Lys og belysning – Belysning av arbeidsplasser – Del 1: Innendørs arbeidsplasser \(NS-EN 12464-1:2021\) \(standard.no\)](#).

Standarden er supplert av rettleiinga frå Lyskultur: [1B Luxtabell og planleggingskriterier for innendørs belysningsanlegg \(lyskultur.no\)](#).

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

Kapittel 11 – Personalrom

11.1. Er det planlagt med garderobar som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

Det skal vere kjønnsdelte garderobar i alle arbeidslokale.

- Garderobane skal vere hensiktsmessig plassert og dimensjonert. Dette vil seie at garderobane
 - skal vere hensiktsmessig plassert i forhold til personalinngang og arbeidsstad, og skal ikkje ha innsyn
 - skal ha plass til det største talet på arbeidstakarar som normalt skal bruke garderobane samtidig
 - skal ha plass til nødvendig tal på sitjeplassar for skifte av klede og skotøy
 - skal ha plass til sko, opphenging av tøy o.l. for kvar arbeidstakar
 - skal vere plassert og utforma slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan bruke rommet

- Garderobane skal vere hensiktsmessig innreidd. Dette vil seie at garderobane
 - må vere eit eige rom som ikkje skal vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel rom for reinhaldsutstyr
 - må ha tilgang til handvask(ar) med varmt og kaldt vatn, i eller i tilknytning til garderobane
 - skal ha spegel på veggen
 - skal ha skap med moglegheit til å låse inn tøy, verdisaker o.l.
 - skal ha så mange skap at det alltid er ledig skap til arbeidstakarar som kjem på jobb. Ved arbeid på skift, er kravet oppfylt dersom det er minst dobbelt så mange skap som det maksimale talet på arbeidstakarar som er på jobb samtidig
 - skal ha åtskilde eller inndelte skap for arbeidstøy og privat tøy dersom forholda gjer det nødvendig

- Arbeidsplassen skal ha dedikerte og åtskilde garderobar:
 - Garderobar må vere reservert for arbeidstakarane og skal ikkje delast med kundar, pasientar, elevar osv.
 - Det skal vere garderobe/-ar for kvinner
 - Det skal vere garderobe/-ar for menn

Kjønnsamansetninga på søknadstidspunktet påverkar ikkje kravet om åtskilde garderobar.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til garderobar er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.2. Er det planlagt med dusjrom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- Det skal vere dusjrom dersom typen arbeid eller helsemessige forhold tilseier det, for eksempel ved arbeid
 - der ein kan bli sveitt
 - der ein kan bli skitten eller tilgrisa
 - med illeluktande stoff
 - med helsefarlege stoff
- Dusjrom skal vere hensiktsmessig plassert og dimensjonert:
 - Dusjromma skal vere hensiktsmessig plassert i, eller i tilknytning til garderobar.
 - Dusjromma skal vere tilstrekkeleg store til at kvar arbeidstakar har plass til å vaske seg under forsvarlege hygieniske forhold.
 - Dusjromma skal vere plassert og utforma slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan bruke romma.
 - Talet på dusjar må vere basert på det største talet på arbeidstakarar som normalt skal bruke dusjane på same tid.
- Dusjrom skal vere hensiktsmessig innreidd:
 - Dusjromma skal vere utstyrt med kaldt og varmt vatn.
 - Dusjromma skal vere åtskilde med skiljevegg dersom fleire dusjar er plassert ved sida av kvarandre.
 - Dusjromma må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel toalett eller handikaptalett.
- Arbeidsplassen skal ha dedikerte og åtskilde dusjrom:
 - Dusjromma må vere reservert for arbeidstakarane og skal ikkje delast med kundar, pasientar, elevar osv.
 - Det skal vere dusjrom for kvinner.
 - Det skal vere dusjrom for menn.

Kjønnsamansetninga på søknadstidspunktet påverkar ikkje kravet om åtskilde dusjrom.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til dusjrom er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.3. Er det planlagt med toalett som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- Ei verksemd skal ha eit passande tal dedikerte toalett for kvinner og menn:
 - Det må vere minst eitt toalett per 15 kvinner.
 - Det må vere minst eitt toalett per 20 menn, så sant det er tilstrekkeleg med urinal.
 - Toaletta må vere reservert for arbeidstakarane og skal ikkje delast med kundar, pasientar, elevar osv.
 - Toaletta må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel garderobe.
- I lokale berekna for verksemdar med maksimalt fem arbeidstakarar kan det vere eitt felles toalett for kvinner og menn, eventuelt i kombinasjon med handikoptoalett. Toalettet skal vere reservert for arbeidstakarane og skal ikkje vere samanblanda med andre funksjonar.
- Toalett skal vere hensiktsmessig plassert og innreidd:
 - Toalett skal vere plassert slik at arbeidstakarane har moglegheit til å forlate arbeidsplassen sin utan vesentleg hinder.
 - Det skal ikkje vere lenger enn 50 meter éin veg til nærmaste toalett for innandørs arbeidsplassar.
 - Toalett skal vere plassert slik at dei ikkje er i direkte forbindelse med arbeidsrom, matrom eller pauserom.
 - Det skal vere handvask med varmt og kaldt vatn i tilknytning til toalett.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til toalett er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.4. Er det planlagt med rom for reinhaldsutstyr som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- Arbeidslokale skal ha eit rom for reinhaldsutstyr (reinhaldsrom/bøttekott).

- Rommet skal vere innreidd og utstyrt i samsvar med den planlagde reingjeringsmetoden:
 - Rommet må vere tilstrekkeleg dimensjonert slik at oppgåvene som skal utførast i rommet, ikkje medfører uheldige belastningar.
 - Rommet må ha plass til det arbeidsutstyret som blir brukt, for eksempel moppevaskemaskin.
 - Rommet må ha skap eller særskilde rom for oppbevaring av reingjeringsmiddel og liknande, anten i eller i nær tilknytning til rommet.
 - Rommet må ha utslagsvask med varmt og kaldt vatn.
 - Rommet må vere ventilert med undertrykk.
 - Rommet må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel garderobe eller handikoptoalett.

- Reinhaldsrom må vere hensiktsmessig plassert:
 - Rommet skal ligge i tilknytning til lokala som skal reinhaldast.
 - Det må vere reinhaldsrom i kvar etasje dersom bygget har fleire etasjar.
 - Det må vere reinhaldsrom i alle bygg dersom tiltaket består av fleire bygg.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

11.5. Er det planlagt med matrom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- Ei verksemd skal ha eit dedikert matrom eller tilgang til tilfredsstillande lokale utanom verksemda. Rommet
 - skal vere tilgjengeleg når det er behov for det
 - skal gi moglegheit for pause og avkopling
 - skal vere eit separat rom som ikkje delast med kundar, elevar, pasientar eller liknande
 - skal ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel møterom
- Matrommet må vere hensiktsmessig dimensjonert og innreidd. Matrommet
 - skal ha plass til det største talet på arbeidstakarar som skal ete samtidig
 - skal vere minimum 6 m², og den enkelte matplassen må vere minimum 1,2 m²
 - skal vere utstyrt med bord og stolar med rygg
 - skal gi moglegheit til å lage måltid
 - skal ha varmt og kaldt vatn slik at hygieniske forhold kan bli varetatt
 - skal ha plass til kjøleskap
 - skal vere plassert, utforma og innreidd slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan bruke rommet
- Viss det blir planlagt med bruk av ekstern kantine e.l. som matrom, skal arbeidsplassen ha pauserom.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til matrom er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.6. Er det planlagt med pauserom som er innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- Verksemda skal ha pauserom i tillegg til matrom/kantine
 - dersom matrom/kantine berre er tilgjengeleg delar av arbeidsdagen, eller
 - dersom det er lang avstand frå arbeidsstaden til matrom/kantine (over 100 meter ein veg)
- Pauserommet må vere hensiktsmessig dimensjonert og innreidd. Pauserommet
 - skal vere så stort at det er plass til det største talet på personar som skal bruke rommet samtidig
 - skal ha minimum 1,2 m per person
 - skal vere eit separat rom som ikkje delast med kundar, elevar, pasientar eller liknande
 - skal ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel møterom

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til pauserom er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.7. Er det planlagt med soverom som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- I verksemder der arbeidstakarar må sove på eller i tilknytning til arbeidsstaden på grunn av typen arbeid, må det vere soverom.
- Soverom skal vere hensiktsmessig plassert, dimensjonert og innreidd. Soverom
 - må vere enkeltrom og ikkje ha gjennomgang til andre rom
 - må vere plassert slik at brukaren blir minst mogleg forstyrra
 - må vere store nok til at brukaren kan bevege seg fritt
 - må ha tilstrekkeleg plass til å kunne innreiast med bord, stol og oppbevaring for klede, sko og private eigedelar
 - må ha vindauge som kan opnast
 - må ha tilgang til vaskerom med kaldt og varmt vatn, toalett og dusj
 - må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel kontor

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til soverom er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

11.8. Er det planlagt med tørkerom eller liknande som er plassert, innreidd og utforma i tråd med krava?

Krav:

- I verksemder som heilt eller delvis har utandørs arbeid, eller når arbeidet elles gjer det nødvendig, skal det vere eit eige tørkerom eller anna moglegheit for å tørke vått tøy og fottøy.
- Tørkerom eller liknande må ligge nær garderobane og må ha tilstrekkeleg kapasitet som er tilpassa talet på arbeidstakarar og tørkebehov.
- I barnehagar bør det vere løysingar for tørking av tøyet og fottøyet til arbeidstakarane i tillegg til tørkeplass eller skap for utekledda til barna.
- Tørkerom eller liknande må ikkje vere samanblanda med andre funksjonar, for eksempel toalett.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

krava til tørkerom er allereie varetatt i eksisterande bygningsmasse.

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte.

Kapittel 12 – Krav som gjeld for helseinstitusjonar (sjukehus, sjukeheim, omsorgsbustader og andre pleie- og rehabiliteringsinstitusjonar)

12.1. Er det planlagt med pasientrom som har fri plass rundt seng osv. i tråd med krava?

Krav:

- Golvarealet rundt senger i helseinstitusjonar skal vere så stort at det blir nok plass til gode og varierte arbeidsstillingar og rørsler, og til at arealet kan brukast til ulike pleiefunksjonar og ulike hjelpemiddel:
 - I pasientrom på sjukehus skal det vere minst 150 cm fri golvplass på kvar langside av kvar seng.
 - I andre helseinstitusjonar enn sjukehus bør det vere minst 140 cm fri golvplass på kvar langside av senga.
 - I alle typar helseinstitusjonar må det vere minst 140 cm fritt areal ved enden av senga.
- Taka i bebuar- eller pasientrom skal konstruerast slik at det er mogleg å montere pasientløftarar på ei traversskjene. Det skal vere mogleg å forlengje traversskjena inn på toalett og dusjbad slik at løfteutstyret også kan brukast der.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

12.2. Er det planlagt med baderom i tilknytning til bebuar- eller pasientrom i helseinstitusjonar i tråd med krava?

Krav:

- Baderom skal ha eit golvareal på minst 240 cm × 245 cm (5,88 m²).
- Det skal vere 90 cm fri plass på kvar side av toalett.
- Det skal vere snusirkel på 150 cm.
- Taka på baderom skal konstruerast slik at det er mogleg å montere pasientløftarar på ei traversskjene.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket

12.3. Er det planlagt med tilgjenge i tråd med krava?

Krav:

- Tilkomst og inngangsparti må
 - vere overbygd og ha dører som er lette å opne
 - ha varmekablar under utvendige tak utanfor inngangsdører
 - vere slik at rullestolbrukarar kan bevege seg ut og inn av bygningane utan assistanse
 - ikkje ha ramper med ei stigning på over 1:20

- Gang- og transportvegar innandørs må vere utforma slik at bebuarar, pasientar og alt nødvendig utstyr kan transporterast på ein så rasjonell måte som mogleg:
 - Der gåande personar skal kunne passere ein rullestol, skal korridorbreidda vere minst 150 cm.
 - Der to rullestolar skal kunne passere kvarandre, skal korridorbreidda vere minst 180 cm.
 - Der seng og rullestol skal kunne passere kvarandre, skal korridorbreidda vere minst 210 cm.
 - Der to pasientsenger skal kunne passere kvarandre, skal korridorbreidda vere minst 240 cm.
 - Gang- og transportvegar må vere terskelfrie.

- Dører og døropningar må vere utforma slik at senger enkelt skal kunne trillast inn og ut av rom der pasientsenger blir brukt eller oppbevart:
 - Den frie dørbreidda (lysopninga) skal vere minst 120 cm.
 - Eldre bygg skal ha ei fri dørbreidd på minst 100 cm.

- I institusjonar der pasientsenger skal flyttast mellom ulike etasjar og plan, må det vere minst éin heis som er brei og djup nok til at både seng og personale får plass.

- Det må vere oppstillingsplass for hjelpemiddel nær brukarstaden.

- Det må settast av plass til oppbevaring av ganghjelpemiddel og anna hjelpeutstyr som skal bli brukt til aktivitetar utandørs.

Oppgi om tiltaket oppfyller krava:

Ja

Angi vedleggsnummer der de dokumenterer at krava er oppfylte:

Nei

Angi vedleggsnummer der de grunngir kvifor Arbeidstilsynet likevel skal gi samtykke:

Uaktuelt fordi

krava er ikkje eit relevant tema i det søknadspliktige tiltaket